



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	15.06.2015	006/15	SH

Saksansvarleg: Ståle Hatlelid	Arkiv: L10 Objekt:	Arkivsaknr.: 13/349 - 8
-------------------------------	-----------------------	----------------------------

Reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru - vedtak om offentlig utlegging

Sakstilfang / Lover / Plandokument

- *Plan- og bygningslova (PBL)*
- Arealdelen til kommuneplanen for Hornindal (2004)
- Differensiert forvaltingsplan for Hornindalsvassdraget (2008)
- Klimaplan for Hornindal kommune (2010)
- Reguleringsplan for Rv. 15x60 Hp 03, Kjøs kryss (2006)
- Heilskapleg ROS-analyse for Stryn og Hornindal kommunar (2014)
- Vedtak i planutvalet 06.06.2006, sak 011/06
- Vedtak i utviklingsutvalet 07.06.2006, sak 061/06
- Vedtak i planutvalet 27.04.2015 - dispensasjon frå reguleringsplan for Kjøs kryss, sak 003/15

Saka gjeld

Reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru - offentlig ettersyn.

Bakgrunn

På oppdrag frå Aaland arkitektkontor og Per Røyarhus AS (tiltakshavar) har iVest Consult utarbeidd reguleringsplan for massetak søraust for Kjøs bru, del av gnr. 214, bnr. 1. Per Røyarhus AS har drive massetaket i fleire år, etter at det i 2002 vart gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for uttak av sprengstein i området. Saka vart teken opp igjen i 2006, og i sak 011/06 forlenga planutvalet uttaksperioden til utgongen av 2010. I same vedtak vart det sett krav om reguleringsplan ved evt. drift - utover dette.

Planprosessen

Det vart halde oppstartsmøte i april 2013, og planarbeidet vart varsla i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

Oppstartmøte

Av referat frå oppstartmøtet går det fram at bakgrunn og mål med planarbeidet er å leggje til rette for fullføring av masseuttak/ steinuttak, og etablering av næringsområde ved Kjøs bru. Ut over dette skal følgjande leggast til grunn for planarbeidet:

- Etter kommunen sine vurderingar vil det ikkje vere krav om planprogram, men desse områda skal utgreiast nærare:
 - Strandsona, sjø og vassdrag
 - Kommunikasjon, veg og vegteknisk
 - Kommunaltekniske anlegg
 - Folkehelse (støy ureining mv.)
- Evt. merknader og innspel til planarbeidet kan resultere i krav om ytterlegare utgreingar.
- ROS-analyse av dei høge skjæringane i området, og korleis desse kan sikrast på best mogeleg måte.
- Klarleggje korleis VA-tilhøva kan løysast.

Innspel til varsel om oppstart av planarbeid


Etter varsel om oppstart av planarbeidet kom det inn merknader frå:

- Statens vegvesen
- Norges vassdrags- og energidirektorat
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – miljøvernavdelinga

Merknadene omfattar tilhøve til eksisterande reguleringsplan i området, vegstandard, tryggleik, ROS-vurderingar, verna vassdrag, verknad planforslaget har på landskap, naturmiljø, avrenning, auka tungtrafikk m.m. I tillegg reiser miljøvernavdelinga spørsmål om kva som ligg til grunn for at det er konkludert med at planarbeidet ikkje er omfatta av krav om konsekvensvurdering.

Tilhøve til arealdelen av kommuneplanen

I arealdelen til kommuneplanen er området søraust for Kjøs bru sett av til forretnings-/industri-/lagerområde, med krav om reguleringsplan (område B 25). Området rundt er avsett til LNF-område utan høve til spreidd utbygging.



Utsnitt av arealdelen til kommuneplanen


På oppstartmøtet opna kommunen for ei mindre utviding av planområdet i sørleg retning.

Reguleringsplan for Rv. 15x60 Hp 03 - Kjøs kryss.

Statens vegvesen sin reguleringsplan for rundkøyring og vektkontrollplass ved Kjøs bru, grensar opp mot planområdet i nord, og tilkomsten til massetaket er regulert gjennom vegvesenet sin plan – som *veg til steinknuseri*.

Planområdet/ planomtale

Planområdet omfattar eit areal på ca. 23 daa. Av dette 18. daa. til massetak, og knapt 5 daa. til vegetasjonsskjerm. Det er gjennomført vurderingar i høve til landskap og estetikk, naturmangfald og naturmiljø, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og nærmiljø, strandsone og vassdrag infrastruktur og veg- og trafikktilhøve, samt folkehelse.



Utsnitt av utkast til reguleringsplan

Ut over dette er det gjennomført ROS-vurderingar som konkluderer med at deler av planområdet er ras- og flaumutsett, og konsekvensen er at berre mellombelse bygningar kan førast opp i dette området. Jf. føresegnene pkt. 3.1.2 og sjekklisene s. 9 - 11.

Planen omfattar regulering til massetak, men ikkje til etterbruk - i form av anna næringsdrift. Likevel vert det lagt opp til at området skal planerast etter avslutta masseuttak. Evt. tilrettelegging for forretning/ industri/ lager kan berre skje gjennom ny detaljert reguleringsplan for området.

For nærare detaljar vert det vist til planforslaget m/ tilhøyrande føresegner og planomtale.

Drøfting

Krav til kunngjering av planarbeidet er ivareteke gjennom opp-startvarselet, og alle berørte partar er såleis varsla om at planområdet er litt utvida (i sørleg retning) – i høve til det som er vist på arealdelen til kommuneplanen.

Plandokumentet inneheld utgreiingar og vurderingar som i tilstrekkeleg grad stettar lovverket sine krav, og etter rådmannen si vurdering dannar dokumentet eit godt grunnlag for vidare drift av massetaket. Rådmannen er samd i at planforslaget (massetak) ikkje utløyser trong for etablering av andre infrastrukturtiltak enn det som knyter seg til vegtilknyttinga til området.

VA-utbygging og evt. andre infrastrukturtiltak vert å kome tilbake til gjennom ny reguleringsplan for etterbruken av området. ROS-vurderingane viser at det er visse utfordringar knytt til handtering av rasproblematikk og flaumvatn, men at dette ikkje krev nærare utgreiingar då det ikkje er opna for utbygging i området.

Økonomiske konsekvensar

Alt av planarbeid og uttak av masser skjer i privat regi, og plandokumentet utløyser ingen kommunale tiltak i området på dette tidspunkt.

Plandokumentet er klar for offentleg utlegging.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i *PBL* § 12-11 vert reguleringsplan for næringsområde søraust for Kjøs bru lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Evt. merknader som planutvalet måtte ha til planinnhaldet vert å ta opp etter avslutta høyringsperiode, dvs. ved 2. gongs handsaming av planforslaget.
3. Planen vert å kunngjere i samsvar med plan- og bygningslova sitt regelverk.

15.06.2015 PLANUTVALET**PLAN-006/15 VEDTAK SAMRØYSTES:**

1. Med heimel i *PBL* § 12-11 vert reguleringsplan for næringsområde søraust for Kjøs bru lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Evt. merknader som planutvalet måtte ha til planinnhaldet vert å ta opp etter avslutta høyringsperiode, dvs. ved 2. gongs handsaming av planforslaget.
3. Planen vert å kunngjere i samsvar med plan- og bygningslova sitt regelverk.

Kopi til:

Sakshandsamar for vidare arbeid

Hornindal, den 16.06.2015

Anne Elin Ekornesvåg /s
- Sekretær -